
Saksnr: 2020/38029-41
Saksbehandlar Frank Dahl
Dato: 30.11.2020

Til: Fylkesutvalet og Fylkestinget

Frå: Fylkesrådmannen

Tenestepensjon for VLFK - utvikling i saka etter vedtak i fylkestinget 30. september 2020

Innleiing - vedtak i fylkestinget 30 september 2020

Fylkestinget handsama saka om tenestepensjon i VLFK i møte 30. september 2020. Det vart då gjort følgjande vedtak:

1. Kontrakt på levering av tenestepensjon for tilsette og folkevalde i Vestland fylkeskommune og tilsette i Bybanen AS vert tildelt Storebrand for åra 2021 og 2022 - med opsjon for Vestland fylkeskommune til forlenging for åra 2023 og 2024.
2. Frigjort eigenkapitalinnskott i KLP vert sett av på eige fond til eventuell seinare bruk.
3. Fylkestinget ber Fylkesrådmann komme tilbake med ei evaluering til Fylkestinget, før ei eventuell utlønning av opsjon.

Basert på vedtaket i fylkestinget vart dagens avtale med Kommunal Landspensjonskasse (KLP) sagt opp i brev av 30. september 2020.

Tildeling av kontrakt - klage frå KLP og krav om mellombels åtgjerd

Innkjøpsseksjonen sende i brev av 1. oktober tildelingsbrev til KLP og Storebrand basert på den grunnngjevinga som gjekk fram av saka til fylkestinget. Innkjøpsseksjonen hadde i tida etterpå løpande kontakt med KLP vedkomande den innkjøpsfaglege grunnngjevinga for VLFK si avgjersle i saka.

KLP var ikkje nøgd med VLFK si grunnngjeving i saka og har difor klaga på avgjersla om å tildele kontrakten til Storebrand. KLP hevdar det ligg føre brot på regelverket for offentlege anskaffingar.

Klagen er handtert på ordinært vis. I samråd med advokatfirma Simonsen Vogt og Wiik er klagen ikkje teken til følgje, fordi ein ikkje er samd i at det ligg føre brot på regelverket for offentlege anskaffingar slik KLP hevdar.

Karensperioden vart etter fleire tidlegare utsetjingar forlenga til 5. november.

I e-post av 4. november frå Advokatfirmaet Wiersholm vart VLFK varsla om at KLP ville krevje mellombels åtgjerd etter tvistelova for å hindre VLFK i å signere kontrakt med Storebrand.

KLP, v/Wiersholm, sette fram kravet overfor Oslo byfogdembete 9. november. Det vert munnlege forhandlingar for Oslo byfogdembete 3. og 4. desember.

Det er usikkert kor tid Oslo byfogdembete si avgjersle vil liggje føre.

Pensjonskontoret - utsett flyttefrist i høve til tariffavtalen SGS § 8 - 1

Basert på at VLFK må ha avtale om tenestepensjon frå årsskiftet og at ein ikkje veit kor tid ei avgjersle vil liggje føre frå Oslo byfogdembete, er spørsmålet om utsett flyttefrist teke opp med Pensjonskontoret.

VLFK har søkt om å få utsett flyttefristen i SGS 2020 § 8-1 «Opphør eller flytting av pensjonsavtale» inntil vi kan ta avgjersle på om det er mogleg å inngå avtale med Storebrand - tentativt 1. april 2021.

Pensjonskontoret har ikkje innvendingar til at VLFK flytter pensjonsavtalen den 01.04.2021 under føresetnad av at KLP og Storebrand kan gjennomføre flyttinga på dette tidspunktet.

Vidare detaljer rundt dette spørsmålet vert avklart mot KLP og Storebrand.

Innsyn - klage frå KLP til Fylkesmannen i Vestland

Innkjøpsseksjonen har gitt KLP innsyn i nokre av dokumenta i saka, mellom anna begge tilboda i sladda versjon og rapporten frå Pareto, der kravet til avkastinga på eigenkapitalen i KLP vart fastsett.

Pareto sin evalueringsrapport og saksframlegget for fylkestinget er det ikkje gitt innsyn i. Dette er grunngjeve med at dokumenta i stor grad inneheld opplysningar som er underlagde teieplikt, jf. offentleglova § 13, jf. forvaltningslova § 13 (1) bokstav b.

KLP har i etterkant klaga VLFK si avgjersle om avgrensa innsyn til Fylkesmannen i Vestland. Det føreligg p.t. ikkje ei avgjerd frå Fylkesmannen i saka.